



Hustadvika kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Att.Skarseth, Tina

Trekking av motsegn - reguleringsplan - Hustadvika - detaljregulering for Lauvåsen BK4 - 202202

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Vi viser til epost datert 26.mars 2026 med oversending av revidert planforslag for detaljregulering Lauvåsen BK4 i Hustadvika kommune. I brev datert 6.februar i år fremma vi motsegn inntil funksjonskrav til nærleikeplassane vart betre sikra i føresegnene. Slik forslaget ligg føre no er dette følgt opp på ein god måte.

Vi kan derfor trekke motsegna vi fremma til plana.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Jorunn Mittet Eriksen
Seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 2500

6404

MOLDE